



Sak nr 15/2013

Møtedato: 17.4.13

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S860

## S 860, Flyin – søknad om å erstatte uthus

Jon Magnus Øyen søker om å få erstatte uthus med nytt på 5x4m, 20 m<sup>2</sup>. Uthuset skal ha kombinert bruk som kokehus, skåle og do. Det gamle uthuset er 10 m<sup>2</sup>. Uthuset skal også flyttast lengre vekk frå veggen for å unngå problem med snøbrøyting. Teikningar og karskisse er lagt ved søknaden.

Øyen driv med sau og han ynskjer å bruke kokehuset til varming av drikke til kopplam, samt at huset skal brukast til lagring av mjøl, salt m.m. Stølen er i bruk og søknaden skal behandlast etter § 10 i stølsforskriftene der det heiter: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal taka stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og det kan setje vilkår. Før fjellstyret gjer vedtak skal saka leggjast fram for Statskog til fråsegn.*

*Dersom fjellstyret vil krevje at hus som alt står, skal rivast, må saka føreleggast for regional kulturminneforvaltning til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved endring eller utviding av hus på seter.*

Søknaden er oversendt Oppland fylkeskommune og Statskog til uttale.

Statskog skriv følgjande i e-post datert 9.4.13: *Statskog har ingen motforestillinger til skisserte planer om nytt kombinert uthus. Men vi setjer som vilkår at gammelt uthus skal rives før nytt hus blir satt opp. Plassering av nytt kombinert uthus skal bestemmes ved befarung.*

Fjellstyret har ikkje mottek svar frå Oppland fylkeskommune før møtet, men det var kort frist til å uttale seg til søknaden.

I følgje fjellov og stølsforskrift er stølar fjellstyret sitt ansvarsområde og fjellstyret har kompetanse til å gjera vedtak. Det er fjellstyret som skal vurdere behovet for hus og ev. setja vilkår. Statskog skal ikkje drive dobbel saksbehandling på fjellstyret sitt saksfelt og Statskog har ikkje kompetanse til å stille vilkår for bygging. Statskog si rolle er å uttale om tiltaket kan koma i strid med Statskog si grunneigarinteresse og ev. vurdere om søknaden skal behandlast etter § 10 eller §11 i stølsforskrift. Fjellstyret viser også til adm.dir. Aagesen i Statskog som skriv den 20.1.12 følgjande om Statskog si saksbehandling i saker knytt til stølshus: *...Når det gjelder bygging på støl er dette areal utvist til utøvelse av bruksrettigheter og således ikke areal som Statskog som grunneier kan disponere over så lenge stølen ikke er falt i det fri. Ut fra denne vinklingen er jeg enig med fjellstyret i at Statskog ikke har en interesse i hvorvidt ny/tilbygget blir av den ene eller andre størrelsen. ... Fjellstyret har registrert at Statskog i fleire saker likevel blandar seg opp i det som er fjellstyret sitt ansvarsområde og fjellstyret aksepterar ikkje denne praksisen.*

## Vedtak

Fjellstyret finn at det er behov for omsøkte uthus og godkjenner søknaden etter § 10 i stølsforskrifta. Vedtaket er gjort på vilkår av at det eksisterande uthus blir fjerna og at ev. tilrådingar frå Oppland fylkeskomme blir fylgt. Dersom søkjaren ynskjer endringar i ev. vilkår knytt til uttale frå Oppland fylkeskommune, må det søkjast fjellstyret om dette.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

Vedtaket er einstemmig.

I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vestre Slidre fjellstyre den 24.4.13

Harald Ranum  
sekretær

Utskrift: Jon Magnus Øyen  
Statskog  
Oppland fylkeskommune  
Vestre Slidre kommune